



ALVER
KOMMUNE



ALVER
KOMMUNE

Detaljreguleringsplan

Bruvoll bustadområde, PlanID 1263-201310

Gnr. 55 bnr. 1,2m.fl

Føresegner
(jf plan- og bygningslova § 12-7)

Utval	Sak	Dato	Vedtaksstype	ArkivID



FØRESEGNER

(pbl § 12-7)

PLANENS INTESJON

Det skal leggjast til rette for bustader med tilhøyrande anlegg på gnr. 55, bnr. 1 og 2.

§ GENERELT

Regulert område er synt på plankart i målestokk 1:1000, datert 07.06.2021.

Planområdet inneheld følgjande føremål:

1. Busetnad og anlegg (pbl § 12-5 nr. 1)
 - a) Bustader – frittliggjande småhus (1111)
 - b) Bustader – konsentrert småhus (1112)
 - c) Renovasjonsanlegg (1550)
 - d) Leikeplass (1610)

2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl § 12-5 nr.2)
 - a) Køyreveg (2011)
 - b) Fortau (2012)
 - c) Annan veggrunn – grøntareal (2019)
 - d) Annan veggrunn – teknisk anlegg (2018)
 - e) Haldeplass/plattform (2025)
 - f) Parkeringsplassar (2080)
 - g) Leskur/plattformtak (2026)

3. Grønstruktur (pbl § 12-5 nr.3)
 - a) Naturområde (3020)

4. Landbruks-, natur- og friluftformål og reindrift (pbl § 12-5 nr.5)
 - a) Landbruksformål (5110)

5. Omsynssoner (pbl § 12-6)
 - a) Sikringsone - Frisikt (140)
 - b) Faresone - Høgspenningsanlegg (inkl. høgspenkablar) (370)



§ 1 FELLESEFØRESEGNER FOR HEILE PLANOMRÅDET

1.1 Fjernverkand og terrenngrep (§ 12-7 nr. 1)

1.1.1 Nye bygg skal utformast slik at ein oppnår ein god funksjonell og arkitektonisk heilheit i forhold til fjernverknad og eksisterande omgjevnadar.

1.1.2 Materialbruk skal i hovudsak være av tre og naturstein og fargesetjing skal være jord og bergfarger (brun-raudleg til grålege farge nyanser).

1.1.3 Alle terrenngrep skal skje mest mogleg skånsamt. Skråningar skal ikkje være brattare enn 1:1,5. Murar skal ikkje være høgare enn 3 meter. Det kan være nødvendig å sikre skråningar med fast nett for å unngå steinsprang.

1.2 Byggjegrensar (§ 12-7 nr. 2)

a) Nye bygg skal plasserast innanfor byggjegrensa som vist i plankartet.

b) Der byggegrensar ikkje er vist, er byggjegrensa samanfallande med formålsgransa.

1.3 Universell utforming (§ 12-7 nr. 4 og 5)

1.3.1 Det skal leggjast til rette slik at minst 50% av nye bueiningar vert utforma som tilgjengelege bueiningar. Trafikkområde og leikeplass skal vere utforma slik at alle skal kunne nytte dei på ein likestilt måte så langt som råd utan spesiell tilpassing eller hjelpemiddel.

1.4 Kulturminne (§ 12-7 nr. 2)

Dersom det blir funne automatisk freda kulturminne innanfor det regulerte området i forbindelse med arbeid i terreng, skal arbeid straks stanses jf. Kulturminnelova § 8. Melding skal straks sendes kulturminne myndigheit i Vestland Fylkeskommune.

1.5 Støy (§ 12-7 nr. 3)

Miljøverndepartementets retningslinjer for støy i arealplanlegging T-1442 skal følgjast i bygg- og anleggsperioden.

1.6 Byggjehøgder (§12-7 nr. 2)

Høgdena vert målt frå planert terreng. Høgste tillatne byggjehøgde (BH) for kvar tomt er vist i plankart og i føresegn § 4.1.2 og § 4.2.2.

1.7 Energianlegg (§ 12-7 nr. 1)

1.7.1 Trafostasjon kan etablerast innanfor planområdet uavhengig av formål.

1.7.2 Trafostasjon skal ikkje vere til hinder for friskt til veg.

1.7.3 Trafostasjon må plasserast minst 5 meter frå bygningar med brennbare overflater.

1.7.4 Motorisert køyretøy opp til klasse C, må kunne stå attmed nettstasjon og drive vedlikehald utan at det er til hinder for allmenn ferdsel.

1.7.5 Trafostasjonar kan plasserast inntil 1 meter frå eigedomsgrensa.

1.7.6 Trafostasjonar kan etablerast i egne rom i bygg.



§ 2 UTFYLLANDE PLANAR OG DOKUMENTASJON

2.1 Illustrasjonsplan (§ 12-7 nr. 1)

2.1.1 Illustrasjonsplan dagsett 12.10.2023 vert retningsgivande for disponering av planområdet.

2.2 Utomhusplan (§ 12-7 nr. 4 og 12)

Ved innsending av rammesøknaden skal det leggjast ved utomhusplan, 1:200. Utomhusareal skal utformast etter prinsipp om universell utforming.

Utomhusplanen skal vise samanheng med reguleringsplanen sine areal og tilstøytande areal utanfor reguleringsplanen sine grenser, samt areala seg imellom inne i planområdet.

Utomhusplan skal minimum vise: Reguleringsgrenser, veganlegg og avkøyrslar med siktline, felles eller privat hentestad for renovasjon, snuplass for motoriserte køyretøy, parkering, fellesareal og leikeareal, materialbruk, møblering, murar, eventuelle støyttiltak, rekkverk, trapper, belysning, overvasshandsaming, beplanting, terrengforming og stiar.

2.3 VA og overvasshandsaming (§ 12-7 nr. 4 og 12)

For alle eksisterande og nye bustadområde innanfor planområdet skal VA-rammeplan, datert 02.05.2018 leggjast til grunn for vidare detaljprosjektering og byggjesakshandsaming. Lokal handtering av overvatn skal leggjast til grunn ved detaljutforming og prosjektering av det einskilde tiltak. Dette inkluderer kapasitetsberekningar, overløpssystem og flomvegar.

- a) I anleggsfasen skal overvatn reinsast i naudsynt omfang før det vert slept ut til terreng, resipient eller leidningsnett.
- b) Løysingar for fordrøying og overvasshandsaming, avrenning frå tette flater skal leiast til terreng, infiltrasjonsflater eller fordrøyingmagasin.
- c) Endringar av terrenghøgde over eksisterande vatn- og avløpsleidningar skal godkjennast av VA – avdelinga i Alver kommune.
- d) Før byggeløyve til bustadbygging vart gitt, skal det vere inngått ein eigen avtale med Alver kommune om gjennomføring og overtaking av VA-anlegg.
- e) VA- og overvasshandsaming skal løysast i høve til den til ei kvar tid gjeldande VA-norm for Alver kommune.
- f) Overvasshandsaming skal vurderast brukt som ressurs for å oppnå økt rekreasjonsverdi og trivsel, og samtidig bidra til å skape eit best mogleg bumiljø. Estetisk gode løysingar med akseptabel vasskvalitet som også er driftsmessig forsvarlege er ei føresetnad i denne vurderinga.
- g) Det skal fortrinnsvis ikkje gjerast nye bekkelukkingar.

2.4 Tekniske vegplanar (§ 12-7 nr. 12)

Det skal utarbeidast teknisk plan for veg i tråd med handbok N100 (og R700) som skal godkjennast av Alver kommune/aktuell vegmynde før igangsetjingsløyve vert gjeve.

2.5 Geologisk vurdering (§ 12-7 nr. 12)

Jf. skredrapport for planområdet datert 26.02.2018, kapittel 5, skal det utarbeidast ein ny geologisk vurdering om eventuelle permanente sikringstiltak er nødvendig før sprenging. Geolog skal òg tilkallast ved behov for å vurdere stabiliteten i utsprengte skjeringar før oppføring av bygg.



2.6 Plan for massehandtering (§ 12-7 nr. 4 og 12)

For alle nye bustader/bustadfelt skal det utarbeidast ein plan for handsaming av massar.

a) Jord frå jordbruksareal (fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite) skal sikrast vidare bruk lokalt. Avfall og ureine massar skal transporterast til godkjent mottak.

b) Mellombels deponering av massar, inn til to månader, kan bare skje i område med arealformål busetnad og anlegg, og samferdsel og teknisk infrastruktur. Mellombels deponering av massar kan likevel ikkje skje i omsynsone, i strandsone eller i område for utomhusareal der eksisterande vegetasjon skal takast vare på.

Det er sett rekkjefølgjekrav til utarbeiding av plan for massehandtering, sjå § 3.1 a)

2.7 Renovasjonsteknisk avfallsplan (§ 12-7 nr. 12)

Det skal utarbeidast renovasjonsteknisk avfallsplan(RTP) som skal godkjennast av NGIR og leverast som vedlegg til søknad om rammeløyve.

2.8 Energi (§ 12-7 nr. 12)

Ved søknad om rammeløyve skal det utredast for tiltakets energibruk. Lav energi- eller passivhus løysningar skal vurderast for bygningane og det skal utredast for vurderingane i forbindelse med søknad om rammeløyve.

§ 3 REKKJEFØLGJEKRAV

(pbl § 12-7 nr. 10)

3.1 Før løyve til igangsetting av byggearbeid (IG) (pbl § 12-7 nr. 10)

- For alle nye bustader innafor planområdet må det liggje føre ein godkjent plan for massehandtering før det kan gjevast igangsetjingsløyve.
- Før det kan gjevast løyve for igangsetjing av bustadoppføring for dei ulike delfelta innafor planområdet må følgjande tiltak vere ferdigstilt/dokumentasjon godkjent:

Følgjande felt	Skal følgjande tiltak vere ferdigstilt
BK1-5, BF1-5	o_KV2.
f_BK5, f_BF1-5, f_LEK, f_RA2,	Anbefalte tiltak jf. Skredfarevurdering (rapport 10202923-01-RIGberg-NOT-001) datert 26.02.2018, kapittel 5.
BK1, BK2, BF1-5, f_LEK1	Dokumentasjon på at ein oppnår tilfredsstillande støyforhold i høve T-1442, tabell 3. Areal som vert rekna som uteopphaldsareal og leikeareal skal ha støynivå under Lden 55dB.
BF1-5, BK5	Følgjande tiltak i henhold til anbefalte tiltak ved utvida trafikk på brua, i rapport «Hundvin II Overgangsbru over Fv. 57 Inspeksjon og tilstandsvurdering», datert 08.10.2019: <ul style="list-style-type: none">- Etablere eit tett slidedekke på brua.- Etablere tilfredsstillande køyrestyrke rekkverksovergangar frå veg til bru i



	<p>begge endar og på begge sider av brua.</p> <ul style="list-style-type: none">- Bygge om brurekkverket for å tilfredsstille dagens krav til sikkerheit for både køyrande og gåande. Montere manglande klemplater på to rekkverksstender.- Etablere einssidig fortau på brua, B 1,5 m.
--	--

3.2 Før bustader takast i bruk (bruksløyve/ferdigattest)(pbl § 12-7 nr. 10)

- Det kan ikkje gjevast bruksløyve for bygningar innanfor regulert område før det er gjeve bruksløyve for teknisk infrastruktur fram til respektive eigedommar.
- For alle nye bustadar innanfor planområdet må tiltak i utomhusplanen vere ferdigstilt før det kan gjevast bruksløyve til bustader.
- Før bruksløyve for VVA-anlegg kan gjevast skal det liggje føre «som bygd» dokumentasjon for anlegget, og denne skal vere godkjent av kommunen.
- Før det kan gjevast bruksløyve for dei ulike delfelta innfor planområdet må følgjande tiltak vere ferdigstilt:

Følgjande felt	Skal følgjande tiltak vere ferdigstilt
BF1-5, BK1-4 og BK5	o_FO1, o_FO2, f_KV3, f_FO4
BK1-4	f_RA1, f_LEK1, f_KV1, o_FO3, f_PA1.
BK5 og BF1-5	f_LEK2, f_KV5, f_FO5.
BK5	f_RA2, f_KV8. Leikeareal på 150m ³ innanfor BK5.
BK1, BK2, BF1, BF2, BF3, BF4, BF5	Støytiltak skal vere ferdigstilt og bustadane skal ha tilfredsstillande støyforhold i høve T-1442, tabell 3. Areal som vert rekna som uteopphaldsareal skal ha støynivå under Lden 55dB.



§ 4 BUSTADER OG ANLEGG

(pbl § 12-5 nr. 1)

4.1 Bustader – frittliggjande (BF) (§ 12-7 nr. 1, 4, 5 og 7)

4.1.1 Område satt av til frittliggjande bustader, BF1 – 5 med tilhøyrande anlegg.

4.1.2 Byggjehøgder og utnyttingsgrad:

Felt	Max byggehøgde (BH)	Utnyttingsgrad
BF1	k= +66	% BRA = 45 %
BF2	k= +73	% BRA = 45 %
BF3	k= +76	% BRA = 45 %
BF4	k= +77	% BRA = 45 %
BF5	k= +81	% BRA = 45 %

4.1.3 Eine- og tomannsbustadar skal ha privat uteoppfallsareal MUA=min. 200 m² per bueining. Krav til privat uteoppfallsareal går foran grad av utnytting.

4.1.4 Minste tomteareal for einebustader er 650 m² og for tomannsbustader 1000 m² (500 m² per bueining).

4.1.5 I område for frittliggjande bustader (BF), skal det opparbeidast 2 parkeringsplassar per eining.

4.1.6 Garasje inntil 50 m² kan plasserast uavhengig av byggegrense, minimum 1 meter frå tomtegrensa og minimum 2 meter frå veg. Garasje kan førast opp i inntil 1 etasje. Biloppstillingsplass og plassering av garasje skal visast i situasjonsplan i samband med byggesøknad. Parkeringsplass og garasje skal plasserast og utformast slik at bil kan snu på eigen eller felles grunn utanfor veg.

4.1.7 Frittliggjande bustader kan ha ei sekundæreinig på inntil 70 m² BRA. Sekundærhusværet skal ha minimum 1 parkeringsplass.

4.1.8 Innanfor BF1-BF5 er det registrert støy. Ved innsending av byggesøknad skal ein dokumentere at ein oppnår tilfredsstillande støyforhald for nemnde bustadar og på uteoppfallsareal (MUA) i høve T-1442 tabell 3. Areal som vert rekna som uteoppfallsareal skal ha støynivå under L_{den} 55 dB.



§4.2 Bustader – konsentrerte (BK) (§ 12-7 nr. 1, 4, 5 og 7)

4.2.1 Område satt av til konsentrert bustader, BK1 – 5 med tilhøyrande anlegg.

4.2.2 Byggehøgder og utnyttingsgrad:

Felt	Max byggehøgde (BH)	Utnyttingsgrad
BK1	k= +53	% BRA = 45 %
BK2	k =+54	% BRA = 45 %
BK3	k= +54	% BRA = 45 %
Bk4	K=+53	% BRA = 45 %
BK5	k= +85, k=+84, k=+89, K+88	% BRA = 75 %

4.2.3 Konsentrert busetnad skal ha privat uteopphaldsareal på MUA=min. 50 m² per bueining. Krav til privat uteopphaldsareal går foran grad av utnytting.

4.2.4 I område for konsentrerte bustader (BK), skal det opparbeidast 2 parkeringsplassar per eining.

4.2.5 Bustader skal ha parkeringsdekning på 2 bilar pr. eining.

4.2.6 Parkeringsplass og garasje skal plasserast og utformast slik at bil kan snu på eigen eller felles grunn utanfor veg.

4.2.7 Innanfor BK1 og BK2 er det registrert støy. Ved innsending av byggesøknad skal ein dokumentere at ein oppnår tilfredsstillande støyforhald for nemnde bustadar og på uteopphaldsareal (MUA) i høve T-1442 tabell 3. Areal som vert rekna som uteopphaldsareal skal ha støynivå under L_{den} 55 dB.

4.2.8 Innanfor BKS5 skal det opparbeidast eit mindre leikeareal på 150 m². Leikearealet skal tilfredsstillere same kvalitetskrav som vert stilt til f_BLK1 og f_BLK2 i føresegn 4.3.4. Heile leikearealet innanfor BKS5 skal tilfredsstillere krava til universell utforming, og ikkje vere brattare enn 1:3. Brattare terreng enn angitt skal ha særskilte kvalitetar, til dømes være eigna til akebakke.

§4.3 Felles Leikeplassar (LEK) (§ 12-7 nr. 4)

4.3.1 Arealet skal opparbeidast og leggjast til rette for leik og opphald.

4.3.2 f_LEK1 er felles for feltet BK1–4. f_LEK2 er felles for feltet BFS1–5 og BKS5.

4.3.3 Arealkrav

Det skal avsettast minimum 50 m² felles uteopphaldsareal per bueining BK som tilfredsstillere kvalitetskrava jf. § 4.3.4. For BF er dette kravet 25 m².



4.3.4 Kvalitetskrav

Leikeareal skal ha følgjande kvalitetar:

- Klimatisk skjerma, beskytta mot framherskande vindretning, forurensing, stråling og trafikkfare.
- God utforming og materialbruk.
- Gode sol tilhøve.
- Støynivå skal ikkje overstige 55 dBA.
- Alt leikeareal skal være på bakkeplan.
- Areal skal ha hensiktsmessig form, tilgjengelegheit og plassering.

Minst 200 m² av leikeområde skal:

- Tilfredsstilla krava til universell utforming.
- Ikkje vere brattare enn 1:3. Brattare terreng enn angitt skal ha særskilte kvalitetar, til dømes være eigna til akebakke.
- Leikeplassar skal vere opparbeidd med minst to leikeapparat og benkebord.

4.3.5 Det skal setjast opp gjerde på min 1,2 meter høgde rundt heile leikeplassen.

4.3.6 Innanfor f_BLK1 er det registrert støy. Ved innsending av byggesøknad skal ein dokumentere at ein oppnår tilfredsstillande støyforhald for nemnde leikeplass i høve T-1442 tabell 3. Areal som vert rekna som leikeareal skal ha støynivå under L_{den} 55 dB.

§ 4.4 Renovasjonsanlegg (RA) (§ 12-7 nr. 4 og 7)

4.4.1 Areal skal nyttast til avfallshandtering.

4.4.2 Renovasjonsanlegget f_RA1 og f_RA2 skal planerast, asfalterast, og opparbeidast slik at renovasjonskøyretøy har lett tilkomst og snu moglegheiter til området.

4.4.3 Renovasjonsanlegga skal tilpassast terreng, og etablerast med lukka veggjar i minimum 1,5 meters høgde.

4.4.4 Faste konstruksjonar, til dømes bosshus og postkassestativ, mm. kan ikkje plasserast innanfor siktlinjer eller langs vegkant.



§ 5

SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

(pbl § 12-5, nr. 2)

§ 5.1 Fellesføresegn for samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-7 nr. 1 og 4)

Løysingar for veg- og gateutformingar skal samsvare med til ein kvar tid gjeldande handbok N100. Tekniske teikningar skal vere utarbeidd i tråd med ein kvar tid gjeldande handbok R700.

§5.2 Køyreveg (KV) (§ 12-7 nr. 1, 4 og 7)

5.2.1 o_KV4 er eksisterande veg, og vert uendra.

5.2.2 KV over brua skal opparbeidast med linjeføring, utforming og dimensjon som vist av plankartet. Mindre avvik i plassering kan akseptertast opptil 0,4 meter vertikalt og horisontalt.

5.2.3 o_KV2, f_KV1, f_KV3 og f_KV5 skal opparbeidast med linjeføring, utforming og dimensjon som vist av plankartet. Mindre avvik i plassering kan akseptertast opptil 0,4 meter vertikalt og horisontalt.

5.2.4 o_KV2, f_KV1, f_KV3 og f_KV5 skal asfalterast.

5.2.5 Terrenginngrep i forbindelse med køyreveg skal gjerast mest mogleg skånsamt.

§5.3 Fortau (FO) (§12-7 nr. 1 og 4)

5.3.1 Fortau o_FO1, o_FO2, o_FO3, f_FO4 og f_FO5 skal opparbeidast med linjeføring, utforming og dimensjon som vist av plankartet. Mindre avvik i plassering kan akseptertast opptil 0,4 meter vertikalt og horisontalt.

5.3.2 Fortau FO over brua skal opparbeidast med linjeføring, utforming og dimensjon som vist av plankartet. Mindre avvik i plassering kan akseptertast opptil 0,4 meter vertikalt og horisontalt.

§5.4 Gang og sykkelveg (GS) (§12-7 nr. 1 og 4)

5.4.1 Gang og sykkelveg f_GS skal opparbeidast med linjeføring, utforming og dimensjon som vist av plankartet. F_GS skal asfalterast. Mindre avvik i plassering kan akseptertast opptil 1 meter vertikalt og horisontalt.

§5.5 Haldeplass (HPP) (§ 12-7 nr. 1)

5.5.1 Haldeplassar o_HPP1 og o_HPP2 er eksisterande haldeplassar, og vert uendra.

§ 5.6 Avkøyrseplilar (§ 12-7 nr. 1)

5.6.1 Avkøyrseplilar gitt i plankartet er juridisk bindande for avkøyrslar og vidare vegføring i detaljreguleringsplan. Mindre avvik i plassering kan akseptertast opptil 0,4 meter vertikalt og horisontalt.



§ 5.7 Anna veggrunn- grøntareal (AVG) (§ 12-7 nr. 1, 4 og 14)

5.7.1 Areal o_AVG1, o_AVG2, o_AVG3, f_AVG4 og o_AVG5, o_AVG6 er satt av til anna veggrunn grøntareal.

§ 5.8 Anna veggrunn- teknisk anlegg (AVG) (§ 12-7 nr. 1, 4 og 14)

5.8.2 Areal AVT 1 og AVT2 er satt av til anna veggrunn teknisk anlegg for Brua.

§ 5.9 Parkering (P) (§ 12-7 nr. 1, 4 og 7)

5.9.1 f_P1 skal opparbeidast med linjeføring, utforming og dimensjon som vist av plankartet. Mindre avvik i plassering kan aksepteraast opptil 0,4 meter vertikalt og horisontalt.

5.9.2 f_P1 skal asfalterast.

§ 5.10 Leskur/plattformtak (LPL) (§ 12-7 nr. 1)

5.10.1 Kan settast opp leskur/busskur o_LPL1 og o_LPL2 .

§ 6

GRØNSTRUKTUR

(pbl § 12-5, nr. 3)

6.1 Naturområde (GN) (§ 12-7 nr. 1)

6.1.1 Formålet vidareførast som naturområde (GN1, GN2, GN3, GN4, GN5, GN6, GN7). Det er tillat med alminneleg skjøtsel.

§ 7

LANDBRUK, NATUR OG FRILUFTSOMRÅDE SAMT REINDRIFT

(pbl § 12-5, nr. 5)

§7.1 Landbruksområde (L) (§ 12-7 nr. 1 og 9)

7.1.1 L1 , L2 og L3 vidareførast landbruk, men ein kan gjere naudsynte tiltak knytt til vegutbetring. Naudsynte tiltak som for eksempel mur , veggrøft, skjering og fylling

§7.2 Landbruksområde (N) (§ 12-7 nr. 1 og 9)

7.2.1 N1 og N2 vidareførast landbruk, men ein kan gjere naudsynte tiltak knytt til vegutbetring. Naudsynte tiltak som for eksempel mur , veggrøft, skjering og fylling

7.1.2 Det tillataast etablert stiar i N1 og N2. Løysing vist i illustrasjonsplan datert 12.10.2023 skal være retningsgivande.



§ 8

OMSYNSSONE

(pbl § 12-6)

§8.1 Sikrings-, støy- og faresoner (§ 11-8 a) (Sone H140, H370)

8.1.1 Sikringssone – Frisikt – H140

a) Frisiktsona kjem fram av plankartet.

b) I frisiktsonene skal det til ei kvar tid vere fri sikt 0,5 meter over tilstøytane vegars plan. Det er tillate med enkeltelement som ikkje hindrar sikt, til dømes stolpar og tre.

8.1.2 Faresone – Høgspenningsanlegg (inkl. høgspenkablar) – H370

a) Faresone – Høgspenningsanlegg kjem fram av plankartet.

b) Eksisterande høgspenningsanlegg innanfor planavgrensinga har eit byggeforbodsbelte på totalt 16 meter, 8 meter målt horisontalt ut til kvar side av senter.

c) Det skal i hovudsak ikkje gjerast inngrep i terreng som fører til endring av overdekning av kablar eller oppfylling av terreng som fører til reduksjon i høgda opp til luftledningsanlegg.

d) Alt som skal etablerast innafor byggjeforbodssona skal godkjennast av kommunen og leidningseigar. Det vere seg vegar, forandring av terrengformasjonar m.m. Leidningseigar skal kontaktast dersom anleggsmaskinar skal stillast opp eller nyttast nærmare leidningar enn 30 meter.

Rådmannen

Alver Kommune